



# Innst. 183 L

(2014–2015)

## Innstilling til Stortinget fra justiskomiteen

Prop. 18 L (2014–2015)

### **Innstilling fra justiskomiteen om lov om forsvunne personar og lov om endringar i arvelova (avvikling av arveretten for staten til fordel for frivillig verksemd)**

Til Stortinget

#### **Sammendrag**

Justis- og beredskapsdepartementet legg med dette fram eit forslag til ei ny lov om forsvunne personar. Lova vil erstatte gjeldande lov 23. mars 1961 nr. 1 om forsvunne personer mv. Departementet legg òg fram forslag om endringar i lov 3. mars 1972 nr. 5 om arv m.m. som inneber ei avvikling av statens rett til arv, slik at i tilfelle der det ikkje er arvingar etter den avdøde, skal formuen fordelast til frivillig verksemd til fordel for barn og unge.

Framlegget til lov om forsvunne personar inneheld reglar om framgangsmåten når ein person er forsvunnen og ikkje kan finnast korkje levande eller død. Lovframlegget gir reglar om ei meldeplikt ved forsvinningar og reglar om forvaltning av buet til den forsvunne personen. Det følgjer av framlegget at forvaltninga skal skje av fylkesmannen og verje i tråd med dei reglane som gjeld for personar under verjemål, med enkelte unntak.

Lovframlegget gir vidare reglar om når ein forsvunnen person skal bli sett på som død. Etter lovframlegget kan tingretten ved orskurd treffe avgjerd om at ein forsvunnen person skal reknast for å vere død, og lovframlegget har reglar om to framgangsmåtar i slike tilfelle. I lovframlegget § 8 er det reglar om framgangsmåten i tilfelle der det ikkje er grunn til å tvile på at personen er død. Tingretten kan da treffe avgjerd «straks» om at personen skal reknast for å

vere død. I framlegget § 9 er det reglar om dødsorskurd i andre høve. Desse reglane skal nyttast der det er større uvisse om forsvinninga. Det kan reisas sak om orskurd etter § 9 anten med ein gong, etter eit år eller etter fem år avhengig av graden av uvisse i saka. Framlegget inneber at fristane for å få ei avgjerd om at ein person skal reknast for å vere død, blir kortare enn i dag, og at reglane blir meir tilpassa vår tid med gode og raske kommunikasjonsformer og stadig sikrere framgangsmåtar for identifisering og gjenfinning av personar. Framlegget inneber òg at ein forsvunnen person kan bli rekna som død utan at dei etterlatne må reise sak mot den forsvunne personen.

Lova inneheld òg reglar om attendeføring av mottatte verdiar om den forsvunne likevel kjem attende. Dette vil særleg gjelde arv og utbetalingar av forsikring og trygdeytningar. Lovframlegget regulerer også kva for verknad ei avgjerd om død skal ha for eit inngått ekteskap.

Reglar om forsvunne personar har ofte ei side til andre statar. Personen kan ha blitt borte på reise eller under kortare eller lengre opphald i eit anna land. Departementet gjer difor framlegg om meir utførlege reglar om lovval og jurisdiksjon for å klargjere kompetansen til norske domstolar og forvaltingsorgan i slike saker. I lys av den internasjonale rettsutviklinga gjer departementet framlegg om at «vanleg bustad» skal nyttast som kriterium for tilknytning for jurisdiksjon i staden for fast bustad.

Departementet gjer som nemnt òg framlegg om å avvikle arveretten for staten etter arvelova. Framlegget går ut på å endre arvelova kapittel VII slik at arven etter ein avdød som ikkje let etter seg ekte-make, sambuar med rett til arv eller slektningar som arvar han eller henne etter lova, og som heller ikkje har oppretta testament, skal fordelast til frivillig verksemd til fordel for barn og unge.

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Jorodd Asphjell, Kari Henriksen, lederen Hadia Tajik og Lene Vågslid, fra Høyre, Margunn Ebbesen, Hårek Elvenes, Peter Christian Frølich og Anders B. Werp, fra Fremskrittspartiet, Jan Arild Ellingsen og Ulf Leirstein, fra Kristelig Folkeparti, Kjell Ingolf Ropstad, og fra Senterpartiet, Jenny Klinge, viser til at siden lov av 23. mars 1961 nr. 1 om forsvunne personer mv. ble vedtatt, har det skjedd store endringer i samfunnet. Reiseaktiviteten er høyere samtidig som ny teknologi gjør at en kan kommunisere med hverandre mye enklere enn tidligere.

Komiteen peker på at flodbølgekatastrofen i Sørøst-Asia i 2004 viste at den gjeldende loven om forsvunne personer var moden for revisjon. Loven var uklar samtidig som fristene for dødsformidningsdom var lang. Ved kongelig resolusjon av 9. september 2005 ble det nedsatt et skiftelovutvalg som skulle utarbeide en ny skiftelov, og det fikk som en del av sitt mandat i oppdrag å foreta en etterkontroll av lov 23. mars 1961 nr. 1 om forsvunne personer mv.

Komiteen merker seg at Skiftelovutvalget er klar på at reglene fra 1961 bør endres i tråd med det lovforslaget som nå er fremmet. Dette med bakgrunn i økt reiseaktivitet, samtidig som tekniske endringer både når det gjelder telefoni og internett, gjør at personer over hele kloden kan kommunisere med hverandre uten særlig tidsbruk. Dette gjør at det skal mer til for at en person er borte lenge uten å gi livstegn fra seg. Oppnår en ikke kontakt med personen over lang tid i dag, er det dermed større grunn til å tro at han eller hun er død.

Komiteen merker seg videre at det for pårørende kan være mange grunner for å få fastslått at den forsvunne er død – både følelsesmessige, økonomiske og juridiske.

Komiteen viser til at lovforslaget inneholder både hvordan man skal avgjøre om en person er død, hva som skjer med boet til personen som er forsvunnet, og hva som skjer om den forsvunne likevel kommer tilbake.

Komiteen viser videre til at departementet i denne proposisjonen også legger frem forslag om å avvikle arveretten til staten i visse tilfeller. Etter gjeldende rett blir staten arving om den avdøde ikke etterlater seg ektefelle, samboer med rett til arv eller slektninger som arver han eller henne etter loven, eller om den avdøde heller ikke har opprettet testamente som disponerer over arven. Lovendringen innebærer at i de tilfeller hvor det ikke er arvinger

etter den avdøde, skal formuen fordeles til frivillige organisasjoner til fordel for barn og unge.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Senterpartiet, viser til at forslaget til endring i arveloven § 46 har vært ute på bred høring, og at det var ingen av høringsinstansene som var imot endringen. Frivillige organisasjoner og frivillig innsats har spilt en viktig rolle i oppbyggingen av det norske samfunnet, og høringen viser at den frivillige virksomheten fortsatt har bred oppslutning i folket. Aktiviteter i frivillige organisasjoner er blant de viktigste fritidsaktivitetene for barn og unge. I hele landet er det mange foreldre og andre som gjør en frivillig innsats for at barn og unge kan delta i et bredt spekter av aktiviteter. Flertallet viser videre til at et flertall av høringsinstansene støtter at verdiene skal gå til organisasjoner for barn og unge. Herreløys arv tilfaller i dag staten. Hvilke ønsker arvelater har for sine verdier, er slik ordningen er i dag ikke kjent når det ikke foreligger et testamente. Flertallet er av den oppfatning at å fordele disse midlene til organisasjoner som driver med aktiviteter for barn og unge, vil være et samlende formål.

For flertallet er det et mål at det sikres en best mulig forvaltning av de verdiene det dreier seg om, anslått til ca. 10 mill. kroner årlig, på en best mulig måte. Det er derfor viktig at en finner frem til en ordning som sikrer at det ikke blir mer administrasjon og høyere kostnader enn det som er nødvendig for forvaltningen av midlene. Flertallet legger til grunn at ved å benytte Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU) som erfaren fordeler av verdier, vil en kunne sikre at verdiene kan gå mest mulig uavkortet til de frivillige organisasjonene.

Flertallet har med dette som utgangspunkt fått seg forelagt et lovforslag til en ny lov om forsvunne personer og forslag om endringer i lov av 3. mars 1972 nr. 5 om arv m.m. som innebærer en avvikling av statens rett til arv. Flertallet støtter forslaget.

Medlemene i komiteen fra Arbeiderpartiet vil vise til at ordninga vi har i dag med herrelaus arv er god, ubyråkratisk og kjem alle til gode. Etter gjeldende rett blir staten arving om den avdøde ikkje etterlet seg ektefelle, sambuar med rett til arv eller slektningar som arvar han eller henne etter lova, eller om den avdøde ikkje har oppretta testamente som disponerer arven.

Desse medlemene vil vise til Arvelovutvalet som vart oppnemnt ved kongeleg resolusjon 15. april 2011. Desse medlemene vil vise til at utvalet i punkt 3 bokstav g vart gjeve i oppdrag å vurdere reglane om staten sin arverett. Utvalet vart mellom anna bede om å sjå på «Spørsmålet om det bør innfø-

res en ordning som sikrar at midler frå falt arv kommer frivillige organisasjonar til gode». Desse medlemene merkar seg at Arvelovutvalet konkluderte i NOU 2014:1 Ny arvelov, med at dei ikkje ville foreslå endringar i dei gjeldande reglane om arverett for staten. Desse medlemene merkar seg at ein av argumenta var at ordninga ville bli kostnadskravjande og byråkratisk. Det var vist til at beløpa det er tale om per år er forholdsvis små beløp, og at det var tale om mellom 10 til 20 mill. kroner kvart år. Desse medlemene meiner likevel at det ikkje er dei praktiske utfordringane med forslaget om å avvikle arveretten til staten til fordel for frivillige organisasjonar som er problematisk, men det prinsipielle og utfordrande med å finne eit samlande formål som vil ta omsyn til arvelatarane sine ynske.

Desse medlemene meiner at ei endring slik proposisjonen legg opp til i forslaget om å endre arvelova, er prinsipielt problematisk. Desse medlemene vil vise til at dersom herrelaus arv skal gå til frivillige organisasjonar, kan det vere i strid med arvelatar ynske. Desse medlemene vil peike på at ein arvelatar som til dømes har vore humanetikar, tvilsamt ville ønskje at arva skulle gå til kristent ungdomsarbeid, eller motsett at ein arvelatar som har vore religiøs, tvilsamt ville ønskje at arv skulle gå til ein frivillig organisasjons arbeid for eit humanetisk eller ateistisk livssyn.

Desse medlemene vil også vise til Arvelovutvalets argument mot ei slik ordning regjeringa no foreslår, med tanke på utfordringa knytt til å finne eit samlande formål som midlane skulle gå til dersom staten ikkje lenger skulle arve. Desse medlemene viser til proposisjonen side 8, under 2.2.1 NOU 2014: 1 Ny arvelov, kor det står:

«Tidligere forslag har knyttet fondet opp mot formål for barn og unge. Dette kunne kanskje vere i tråd med ønskene til arvelatere flest tidligere, men i dag kan det like gjerne vere en formodning for at midlene skulle gå til tiltak for eldre. Arvelatere det er tale om, vil vere i svært forskjellige livssituasjoner. Det er neppe mulig å finne frem til formål som alle ville vere tilfreds med.»

Desse medlemene er svært opptatte av å styrkje dei frivillige organisasjonane, og opptatte av å halde fram med kulturloftet. Desse medlemene vil understreke at Arbeidarpartiet vil halde fram med sterk satsing på kultur og frivillige organisasjonar. Desse medlemene meiner at å endre arvelova slik at herrelaus arv skal fordelast til frivillige organisasjonar, er prinsipielt galt med bakgrunn i at det vil kunne stride mot arvelatar sitt ynske, og vil difor gå imot forslaget om å endre arvelova som inneber ei avvikling av statens rett til arv. Desse medlemene vil heller oppfordre regjeringa til å auke

løyvingane på kulturbudsjettet, og viser med det til Arbeidarpartiets alternative kulturbudsjett.

Desse medlemene støttar forslaga A til lov om forsvunne personar, men støttar ikkje forslag B til lov om endringar i arvelova.

## Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak til lover:

A.

Vedtak til lov

om forsvunne personar

## Kapittel 1. Allmenne føresegner

### § 1 Kva lova gjeld

Denne lova gir reglar om forvaltning av egedelane til ein person som er forsvunnen. Lova gir òg reglar om korleis ein skal gå fram for å avgjere om ein person skal reknast for å vere død, verknaden av ei slik avgjerd og reglar om attendeføring av personen sine egedelar dersom personen seinare kjem til rette.

### § 2 Jurisdiksjon og lovval

Ei sak etter lova her om at ein person skal reknast for å vere død, kan reisast i Noreg dersom den forsvunne personen hadde vanleg bustad her da han eller ho forsvann.

Om den forsvunne ikkje hadde vanleg bustad i Noreg, kan det likevel reisast sak her om han eller ho har late etter seg formue i riket, men da berre med verknad for denne formuen. Det same gjeld om saka av andre grunnar er knytt til Noreg på ein slik måte at det er rimeleg at ho blir reist her, og det blir godtgjort at det ikkje er eller vil bli reist sak i ein annan stat der det er meir føremålstenleg å avgjere saka.

Saker om forsvunne personar som høyrer under norsk avgjerdsrett, skal avgjerast etter norsk lov.

### § 3 Verneting

Ei sak om at ein person skal reknast for å vere død, skal reisast ved tingretten i den rettskrinsen der den forsvunne hadde sitt allmenne verneting.

Saker som blir reist i Noreg etter § 2 andre ledd første punktum fordi den forsvunne har formue i Noreg, skal reisast i Oslo rettskrins. Eig den forsvunne fast eigedom i Noreg, skal saka likevel reisast ved tingretten i den rettskrinsen der den faste eigedomen ligg.

Saker som blir reiste i Noreg etter § 2 andre ledd andre punktum, skal reisast i Oslo rettskrins.

## **Kapittel 2. Forvaltning av buet til ein forsvunnen person o.a.**

### *§ 4 Melding om forsvinning*

Om ein person som hadde vanleg bustad i Noreg, er forsvunnen, skal ektemaken, sambuaren, slektningane eller offentleg myndigheit melde frå til tingretten der den forsvunne hadde sitt allmenne verneting. Andre som kjenner til forsvinninga, kan òg gi slik melding.

### *§ 5 Oppnemning av verje*

Om ikkje retten straks gir orskurd etter § 8, skal retten melde frå til fylkesmannen om forsvinninga.

Fylkesmannen oppnemner ei verje om dette trengst for å tryggje interessene til den forsvunne. Dersom den forsvunne har ektemake eller sambuar eller ein fullmektig til å ta seg av interessene sine, bør fylkesmannen gjere vedtak om at ektemaken, sambuaren eller fullmektigen skal tryggje interessene til den forsvunne om dei er eigna til det.

Fylkesmannen fastset om verja skal ha betalt for oppdraget, og kor mykje. Denne betalinga og utlegg i samband med oppdraget som verje skal dekkjast av eigedelane til den forsvunne personen.

Reglane i lov om vergemål gjeld tilsvarende så langt dei høver.

### *§ 6 Forvaltning av eigedelane til den forsvunne*

Eigedelane til den forsvunne skal forvaltast som eigedelane til personar under verjemål.

Om det let seg gjere, skal verja ta arvingane med på råd ved viktige avgjerder som sal av fast eigedom eller større utbetalingar.

### *§ 7 Avgrensa utbetaling*

Fylkesmannen kan gjere vedtak om ei avgrensa utbetaling av den forsvunne sine eigedelar jamvel om det ikkje straks kan givast orskurd etter § 8, dersom den forsvunne hadde plikt til underhald av ektemake eller barn eller ei slik utbetaling trengst av andre grunnar.

## **Kapittel 3. Orskurd om død**

### *§ 8 Dødsorskurd når det ikkje er grunn til å tvile på at personen er død*

Om ein person er forsvunnen under slike omstende at det ikkje er grunn til å tvile på at personen er død, kan tingretten straks treffe avgjerd om at personen skal reknast for å vere død.

Krav om avgjerd etter første ledd kan setjast fram av ektemaken, sambuaren, arvingen eller andre som

kan vise til at dei verkeleg treng ei slik avgjerd. Kravet skal setjast fram skriftleg.

Retten treff avgjerda etter første ledd ved orskurd. Reglane i tvisteloven gjeld så langt dei høver.

### *§ 9 Dødsorskurd i andre høve*

Om ein person er forsvunnen under slike omstende at personen høgst sannsynleg er død, kan det reisast sak om at den forsvunne skal reknast for å vere død, når det har gått eitt år etter det siste tidspunktet da ein visste at personen var i live.

Det kan likevel straks reisast sak som nemnd i første ledd, dersom personen forsvann i samband med ein naturkatastrofe, ei anna stor ulukke, strids-handling eller ei anna ytre hending som skapte stor livsfare, og det av den grunn er høgst sannsynleg at personen er død.

I andre tilfelle enn dei som er nemnde i første og andre ledd, kan sak om at ein person skal reknast for å vere død, reisast når det har gått fem år etter det siste tidspunktet da ein visste at personen var i live.

Retten treff avgjerda ved orskurd. Reglane i tvisteloven gjeld så langt dei høver. Orskurden skal gå ut på at personen skal reknast for å vere død, eller at kravet ikkje blir tatt til følgje.

### *§ 10 Framsetjing av krav om dødsorskurd etter § 9*

Sak etter § 9 skal reisast ved at krav om dødsorskurd blir satt fram skriftleg for tingretten. Ektemaken, sambuaren eller arving til den forsvunne kan krevje slik orskurd. Andre kan krevje orskurd etter § 9 første og tredje ledd dersom dei kan vise til at dei verkeleg treng ei avgjerd om at personen skal reknast for å vere død.

### *§ 11 Handsaming av saker etter § 9*

I sak etter § 9 skal tingretten kalle den forsvunne inn etter reglane i domstolloven § 181 med eit varsel på minst tre månader. Innkallinga skal oppmode den som har opplysingar om den forsvunne, om å gi opplysingane til retten. Retten skal av eige tiltak søkje å skaffe opplysingar som kan sikre ei rett avgjerd.

Retten skal gi melding til verja eller fullmektigen til den forsvunne om innkallinga. Om det let seg gjere, skal retten òg gi slik melding til dei som kan setje fram krav etter § 10.

Sakskostnadene skal dekkjast av staten om ikkje retten avgjer at dei skal dekkjast av eigedelane til den forsvunne.

### *§ 12 Rettsmiddel*

Den avgjerda går imot, dei som er nemnde i § 10, og verja eller fullmektigen kan anke orskurd etter § 8 eller § 9 og krevje at saka blir opna på nytt.

### § 13 *Dødsdagen*

Ein orskurd etter § 8 eller § 9 skal fastsetje den dagen den forsvunne personen skal reknast som død. Dette skal om mogeleg vere den dagen den forsvunne mest truleg døydde, og elles den siste dagen i den månaden ein tidlegast kunne reise sak etter § 9.

### § 14 *Rettskraft*

Ein rettskraftig orskurd etter § 8 eller § 9 verkar for og mot alle og skal leggjast til grunn i alle forhold der det har noko å seie om den forsvunne er i live eller ikkje etter den dagen orskurden fastset som dødsdagen.

Ei avgjerd etter § 2 andre ledd første punktum har berre verknad for denne formuen.

## **Kapittel 4. Verknaden av ein orskurd om død**

### § 15 *Handsaming av buet og skifte*

Når ein orskurd etter § 8 eller § 9 er blitt endeleg, skal buet til den forsvunne handsamast som om den forsvunne var død på dagen som er rekna som dødsdagen etter § 13. Fristane i skifteloven gjeld i desse tilfella frå det tidspunktet det tidlegast var mogeleg å få buet skifta.

Er nettoformuen til den forsvunne mindre enn fire gonger grunnbeløpet i folketrygda, kan ektemaken eller arvingane krevje at buet skal handsamast som om den forsvunne var død utan dødsorskurd så snart fristen etter § 9 første ledd er gått ut. Tingretten fastset i så fall dødsdagen etter reglane i § 13.

### § 16 *Skifte etter fem år*

Er det gått fem år sidan det siste tidspunktet da ein visste at den forsvunne var i live, utan at egedelane som er til forvaltning etter § 6, er skifta, skal den som forvaltar egedelane, gi melding til tingretten. Tingretten skal handsome egedelane som om den forsvunne var død. Buet skal delast mellom dei som er arvingar etter den forsvunne når femårsfristen går ut. Arvingane skal varslast ved innkalling etter reglane i skifteloven § 72. Om ingen melder seg som arving, gjeld arvelova § 46 tilsvarende.

### § 17 *Verknader for ekteskapet*

Når ein orskurd etter § 8 eller § 9 er rettskraftig, er ekteskapet oppløyst dersom ektemaken etter den forsvunne giftar seg på nytt. Dette gjeld jamvel om avgjerda seinare blir oppheva eller endra. Har ektemaken ikkje gifta seg på nytt, står ekteskapet ved lag om det viser seg at den forsvunne lever.

## **Kapittel 5. Attendeføring fordi den forsvunne har kome til rette o.a.**

### § 18 *Frist for attendeføring*

Den forsvunne kan innan 20 år frå dagen som er rekna som dødsdagen etter § 13, krevje egedelane sine att frå dei som arva han eller henne. Om forsvinninga var frivillig, er fristen 10 år.

Dei rette arvingane kan innan 10 år frå dagen som er rekna som dødsdagen etter § 13, krevje arv utlevert om det blir godtgjort at den forsvunne døydde på eit anna tidspunkt enn det som var lagt til grunn ved delinga av buet.

### § 19 *Kva som skal førast attende*

Ingen arving har plikt til å gi att meir enn han eller ho har mottatt. Er den mottatte arven avhenda eller forbrukt, er arvingen ansvarleg for verdien på det tidspunktet tingen blei avhenda eller forbrukt, men ikkje for meir enn verdien av ein like god ting av same slag på tidspunktet da kravet blir sett fram. Kravet skal setjast ned eller falle bort når det er urimeleg på grunn av levekåra eller stoda elles at arvingen skal svare fullt ut for egedelar som han eller ho ikkje lenger har. Er arven gått tapt utan at arvingen er skuld i tapet, er arvingen friteken for plikta til attendeføring.

Inntekt som er tent opp av formuen før kravet om attendeføring er sett fram, treng arvingen ikkje å gi attende.

Er ein egedel avhenda, skal den som har tatt over egedelen, levere egedelen attende etter reglane i første og andre ledd dersom han eller ho ikkje var i god tru på tidspunktet for ervervet.

### § 20 *Utbetalt forsikring*

Ein forsikringssum som er utbetalt etter ein dødsorskurd etter § 8 eller § 9, kan ikkje krevjast att jamvel om det viser seg at den forsvunne lever, eller at han eller ho døydde på eit slikt tidspunkt at forsikringssummen ikkje skulle vore utbetalt. Dette gjeld likevel ikkje om det er klårt urimeleg at den som har fått utbetalt summen, får behalde han. Når det er gått 20 år sidan dagen som er rekna som dødsdagen etter § 13, kan forsikringssummen uansett ikkje krevjast attende.

Dersom forsikringssummen kan krevjast attende, kan kravet setjast ned eller falle bort etter reglane i § 19 første ledd. Beløp som selskapet ikkje kan få attende frå mottakaren, skal gå til frådrag i det forsikringsselskapet har plikt til å dekkje.

Forsikringsselskapet kan rekne forsikringsforholdet som opp- og avgjort ved den utbetalinga som er skjedd på grunnlag av dødsorskurden. I så fall overtar personen som har kome attende, kravet til forsikringsselskapet.

### § 21 *Pensjon og andre offentlege stønader*

Trygdeytningar, livrente eller annan offentlig eller privat stønad som er utbetalt etter ein dødsorskurd etter § 8 eller § 9, kan ikkje krevjast att frå mottakaren, jamvel om det viser seg at den forsvunne lever. Det som er utbetalt, skal gå til frådrag i krav på stønad frå personen som har kome att, for den tida han eller ho har vore forsvunnen.

### § 22 *Oppheving av orskurd om død*

Retten kan oppheve ein orskurd om død etter stemning frå personen som etter orskurden er rekna som død.

## Kapittel 6. Slutføresegner

### § 23 *Når lova gjeld frå. Overgangsføresegner*

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

Lova gjeld for avgjerder som blir trefte etter iverksetjinga av lova jamvel om forsvinninga skjedde før. Ei etablert ordning for forvaltning av egedelane til den forsvunne skal førast vidare etter den nye lova, om ikkje fylkesmannen fastset noko anna. Reglane om attendeføring av egedelar etter kapittel 5 i lova her gjeld om den forsvunne kjem att etter iverksetjinga av lova.

Kongen kan fastsetje overgangsføresegner.

### § 24 *Endringar i andre lover*

Frå den tida lova trer i kraft blir det gjort følgjande endringar i andre lover:

1. Lov 23. mars 1961 nr. 1 om forsvunne personer mv. blir oppheva.
2. I lov 3. mars 1972 nr. 5 om arv m.m. skal nytt kapittel XIII A lyde:

### Kapittel XIII A. Fråverande arving.

§ 75 a. Ein arving skal ikkje reknast med under skiftet om det ikkje er sikkert at arvingen har overlevd arvelataren, jf. § 72 første ledd.

Viser det seg seinare at arvingen overlevde arvelataren, kan arvingen eller – om arvingen er død – hans eller hennar arvingar innan ti år etter arvefallet krevje arven frå dei som har fått han. Gjeld det arv i eit bu som er overteke av den attlevande ektemaken eller sambuaren etter reglane om uskifte i kapittel III og kapittel III A, blir fristen rekna først frå det tidspunktet den attlevande ektemaken eller sambuaren dør. Har den attlevande ektemaken eller sambuaren skift tidlegare, skal fristen reknast frå det tidspunktet skiftet var slutt. Er arvingen ved orskurd sagt å vere død, jf. lov om forsvunne personar §§ 8 eller 9, gjeld fristen i same lov § 18 dersom han går ut før fristen

som er nemnd foran. Kravet om attendeføring følgjer elles reglane i lov om forsvunne personar § 19.

§ 75 b. Er ein arving forsvunnen etter at arven er fallen, eller er arvingen fråverande utan kjend opphaldsstad, skal arvingen få arven utlagd på skiftet om ikkje anna følgjer av § 75 c. Reglane i lov om forsvunne personar kapittel 2 om forvaltning av den forsvunne sine egedelar og oppnemning av verje gjeld tilsvarende.

§ 75 c. Er arven til ein forsvunnen arving som nemnd i § 75 b, mindre enn to gonger grunnbeløpet i folketrygda, og det heller ikkje er kjend at arvingen har annan formue, skal arvingen ikkje få arven utlagd når han eller ho har ektemake, sambuar eller slekt som har rett til arven etter lova, eller han eller ho har rådd over heile arven ved testament. Arven skal då gå til dei som var arvingar etter den forsvunne eller fråverande arving kan ikkje krevje attende arv som er utlagd etter første punktum

3. I lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker skal § 222 andre punktum lyde:

Reglene i *lov om forsvunne personar* § 6 får anvendelse så langt de passer.

4. I lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr blir § 10 første ledd nr. 8 oppheva.

B.

Vedtak til lov

om endringar i arvelova (avvikling av arveretten for staten til fordel for frivillig verksemd)

I

I lov 3. mars 1972 nr. 5 om arv m.m. skal kapittel VII lyde:

### Kapittel VII. Disponering av formuen når avdøde ikkje har arvingar.

§ 46. Har *avdøde* ikkje slektningar, *ektemake eller sambuar* som arvar han, og har han ikkje gjort testament om arven, skal nettoformuen fordelast til frivillig verksemd til fordel for barn og unge. Kongen kan i forskrift gi nærmare føresegner om ordninga for deling av formuen til slik verksemd.

*I særlege høve kan departementet etter søknad avgjere at formuen heilt eller delvis skal fordelast til slektningar eller andre som har stått avdøde nær. Kongen kan i forskrift gi nærmare føresegner om slik deling av formuen.*

§ 47. Når det er slått fast at avdøde ikkje har arvingar, jf. § 46, treff departementet dei avgjerdene under skiftet som elles høyrer under lotteigarane, så som avgjerder om sal av fast eigedom og lausøyre. Departementet skal sjå til at utgiftene til buhandsaming, gravferd og gravlegat o.a. er dekte. Kongen

kan i forskrift gi nærare føresegner om oppgåvene etter første og andre punktum.

II

1. Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.
2. Kongen kan fastsetje overgangsføresegner.

Oslo, i justiskomiteen, den 3. mars 2015

**Hadia Tajik**

leder

**Margunn Ebbesen**

ordfører

